



Foto: Jan Erik Ødegård

# Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring skuleåret 2016/2017

Sogn og Fjordane fylkeskommune



## Innhald

.....	1
Innleiing.....	3
Del 1: «Kompetanse for kvalitet» - dei statlege vidareutdanningsordningane.....	5
Vidareutdanning av leiarar .....	5
Vidareutdanning av lærarar .....	5
Yrkesfagløftet – vidareutdanning for yrkesfaglærarar .....	6
Formell kompetanse for yrkesfaglærarar.....	6
Vidareutdanning av rådgjevarar .....	7
Vidareutdanning i PPT.....	7
Del 2: Etterutdanning – nasjonale satsingar .....	7
FYR-satsinga.....	7
Språkkommunar.....	8
Kompetanse for mangfald .....	8
Etterutdanning for lærarar og leiarar som underviser vaksne i vidaregåande opplæring.....	8
Rettleiarkorpset i Utdanningsdirektoratet .....	9
Etterutdanning i PPT .....	9
Del 3: Etterutdanning – fylkeskommunale satsingar .....	9
Etterutdanning for lærar og mellomleiarar.....	10
Grunnleggande ferdigheiter og vurdering for læring.....	10
Etterutdanning av mellomleiarar.....	10
Ekstern skulevurdering.....	10
Etterutdanning av rådgjevarar i grunnopplæringa .....	11
Etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa.....	12
Hospitering i fag- og yrkesopplæringa .....	12
Etterutdanning av instruktørar og prøvenemnder .....	13
Instruktørar.....	13
Prøvenemnder .....	13

## Innleiing

Fylkestinget har gjennom mål- og strategidokumentet "God – betre – best! *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015*" vedteke at Sogn og Fjordane skal ha den beste opplæringa i landet. Fylkestinget ser mellom anna trivsel, meistring, gjennomføring og formidling som dei viktigaste indikatorane på om dette målet vert nådd. Kompetanseheving er det mest sentrale verktøyet for gjennomføringsstrategiane i strategidokumentet.

Strategidokumentet for vidaregåande opplæring «God, betre, best» er vedteke vidareført ut 2017. Fylkesdirektør for opplæring har hatt ein gjennomgang av status for dei ulike innsatsområda. Gjennomgangen har danna grunnlaget for utarbeiding av handlingsprogrammet for vidaregåande opplæring 2016-2017, og for prioritering av innsatsområda som er viktigast å vidareføre for å nå måla i «God-betre-best!».

Hovudutvalet for opplæring har vedtatt og prioritert følgjande tiltak knytt til satsingsområde:

### **Kvalitet på opplæringa – fellessatsingar i bedrift og skule**

- Karriererettleiing og gjennomføring
- Vurdering for læring
- Skuleeigarrolla
- Danning

### **Kvalitet på opplæringa i skule – satsingar**

- Digital satsing

I mål- og strategidokumentet er det nemnt fleire satsingsområde. Desse støttar opp under dei overordna måla om ei opplæring som legg til rette for at elevane og lærlingane skal ha så gode føresetnadar som mogleg til å utvikle seg personleg så vel som fagleg. Tilpassa opplæring er nedfelt i opplæringslova § 1-3: «Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærekandidaten». Mange av tiltaka i kompetanseutviklingsplanen vil bidra til betre tilpassa opplæring. Fylkesdirektøren har særleg merksemd på at tiltaka ikkje blir gjennomførte som einskildtiltak, men som deler av ei kollektiv skulebasert satsing.

Gjennom plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane legg fylkesdirektør for opplæring opp til å nytte den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet» i stor grad. Fylkesdirektøren prioriterer å nytte dei fylkeskommunale etterutdanningsmidlane i hovudsak til skulebasert kompetanseutvikling innanfor grunnleggande ferdigheter, vurdering og FYR. I tillegg er utvikling av profesjonelt leiarskap ein føresetnad for all skuleutvikling, og i dette arbeidet er rektorar og mellomleiarar heilt avgjerande. Fylkesdirektøren vil nytte midlar til å utvikle leiarane.

For perioden 2016-2017 har kompetanseutvikling i grunnopplæringa framleis høg prioritet i den nasjonale satsinga. Satsinga omfattar etter- og vidareutdanning for leiarar, pedagogisk personale, PPT og etterutdanning for aktørar i fag- og yrkesopplæringa.

Styringsdokumenta som har vore nytta i samband med prioriteringane i kompetanseplanen:

- Opplæringslova
- Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015
- "God-betre-best", vedteke i fylkestinget i sak 05/12
- Målekartet for vidaregåande opplæring
- Handlingsprogram til "God-betre-best"
- Handlingsprogram for fagopplæringsnemnda
- Statleg strategi «Kompetanse for kvalitet» - etter- og vidareutdanning for lærarar, rektorar og PPT
- Nasjonale satsingar som «Program for auka gjennomføring» og «Fyr-satsinga»
- Yrkesfaglærarløftet
- Kompetanse for mangfald
- Meld.St.16 «Frå utanforskap til ny sjanse»
- Opplæringslova

### **Strukturen i planen:**


**Del 1** omhandlar vidareutdanningsordninga for leiarar, lærarar, rådgjevarar og PPT (vidareutdanning gir formell kompetanse i form av studiepoeng).

**Del 2** omhandlar nasjonale etterutdanningsatsingar (etterutdanning er kurs og liknande tiltak som ikkje gir studiepoeng).

**Del 3** omhandlar fylkeskommunale etterutdanningstiltak.

## Del 1: «Kompetanse for kvalitet» - dei statlege vidareutdanningsordningane

I "Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærarar" vert kompetanse definert som summen av fire element som alle må vere til stades og fungere i eit samspel med kvarandre, for å vidareutvikle kompetansen til leiarar, lærarar og andre involverte i opplæringa (sjå figur under).



"Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærarar" vart lansert allereie hausten 2009. Strategien for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar vert vidareført fram til 2025. Målsetjinga for strategien er å styrke læringa til elevane og gjere dei rusta for livslang læring, for framtidig arbeidsliv og til aktiv deltaking i samfunnet.

Satsinga på vidareutdanning skal:

- Auke fagleg og didaktisk kompetanse for lærarar og styrke leiarfagleg kompetanse.
- Vere eit tilbod særleg tilrettelagt for skuleeigarar slik at dei kan oppfylle kompetansekrava for undervisning i engelsk, norsk og matematikk.
- Utvikle kollektiv læring, og bidra til utvikling av profesjonsfellesskap på den einskilde skule.

Målgruppa for vidareutdanninga er lærarar i heile grunnopplæringa, kulturskulelærarar og skuleleiarar. Ordninga gjeld lærarar som er i fast arbeid.

### Vidareutdanning av leiarar

Rektorutdanning er eit vidareutdanningstilbod til skuleleiarar i grunnopplæringa gjennom den statlege ordninga «Kompetanse for kvalitet». Vi har i fleire år hatt tilsette med på denne skuleringa, som også i år vert prioritert frå fylkesdirektøren. Det er to søkjarar til denne ordninga i år.

### Vidareutdanning av lærarar

Delmål for perioden 2015–2025:

- Bidra til auka fagleg og didaktisk kompetanse for lærarar og til styrka leiarfagleg kompetanse for skuleleiarar.
- Vere eit tilbod til skuleeigarar for å oppfylle kompetansekrava for engelsk, norsk og matematikk i løpet av ti år. Det skal også bidra til å oppfylle krava til relevant kompetanse i alle faga.
- Bidra til kollektiv læring, og utvikling av profesjonsfellesskap på den einskilde skule.

### Statleg tilskot:

For studieåret 2016/2017 er det statlege tilskotet i vikarordninga for 30 studiepoeng i matematikk og naturfag 225 000 kr, og i andre fag 180 000 kr. I stipendordninga kan ein få 100 000 kr i støtte for å ta 30 studiepoeng. Lærarar som tek del i vikarordninga og tek 30 studiepoeng, skal totalt fristillast frå

ordinære arbeidsoppgåver tilsvarande 37,5 % av full stilling. Korleis denne tida vert fordelt i løpet av året, vert avtalt lokalt etter retningslinjer frå fylkesdirektøren.

Fylkesdirektøren har 45 søknader om vidareutdanning innanfor statleg ordning. 29 av desse er prioriterte, og det vert søkt midlar til finansiering hos Utdanningsdirektoratet.

## **Yrkesfagløftet – vidareutdanning for yrkesfaglærarar**

Ein viktig del av kompetansen til yrkesfaglæraren er opparbeidd gjennom erfaring frå arbeidslivet. Å vere yrkesfaglærar inneber også å ha kjennskap til og kontakt med bedrifter, mellom anna for å kunne hjelpe elevar med praksisplassar og læreplassar.

Regjeringa vil gjennom Yrkesfagløftet gje eit ekstra kompetanseløft til yrkesfaglærarane.

Elevane/lærlingane møter eit arbeidsliv i stadig endring, difor er det viktig at yrkesfaglærarane har god oppdatert kompetanse innan sine område.

Måla er:

- Auka rekruttering og kvalifisering av yrkesfaglærarar.
- God kvalitet og relevans i yrkesfaglærarutdanninga.
- Gode høve for kompetanseutvikling.

Det overordna målet med denne satsinga er å betre kvaliteten på opplæringa. Yrkesfaglærarane skal difor vere ein del av målgruppa i alle relevante nasjonale satsingar på kompetanse. Difor er det viktig å få kartlagt kompetansen til yrkesfaglærarane.

Tiltak fylkesdirektøren allereie har sett i gang :

- Kartlegging av kompetanseutviklingsbehov blant yrkesfaglærarar.
- Hospiteringsordning for fellesfaglærarar, programfaglærarar og instruktørar.
- Yrkesfaglærarar skal få fagleg oppdatering i regi av arbeidslivet.
- Gje fleire yrkesfaglærarar moglegheit til å ta vidareutdanning i fellesfag ved å ta del i «Kompetanse for kvalitet».
- Kompetansepakkar for yrkesfaglærarar.
- Tilby stipend og vikarordning gjennom «Kompetanse for kvalitet».

## **Formell kompetanse for yrkesfaglærarar**

Fylkesdirektøren har kartlagt den formelle kompetansen til yrkesfaglærarane. Kartlegginga viser at det er fleire lærarar som manglar PPU/PPY og YFL (Yrkesfaglærarutdanning), og som såleis ikkje fyller dei formelle krava til å undervise i vidaregåande skule.

Skuleeigar kan søkje om stipend i Utdanningsdirektoratet for tilsette i undervisningsstillingar som manglar denne kompetansen. Fagarbeidarar som ikkje er tilsett i skulen, men som skulen ynskjer rekruttere inn, kan også kome inn under ordninga og få rekrutteringsstipend. Fylkesdirektøren har fått inn 17 søknader på denne stipendordninga, av desse er det 13 lærarar med fast stilling, tilsett på vilkår, som er søkte midlar for.

Fylkesdirektøren har under planlegging eit desentralisert studium på yrkesfaglærerutdanning, i regi av høgskulen i Oslo og Akershus. Så langt har vi ikkje fått nok deltakarar til at høgskulen vil setje i gang frå 2017. Dei som vil starte hausten 2016 kan starte på nettstudium frå same arrangør.

## Vidareutdanning av rådgjevarar

Det vert arbeidd med å få i gang eit studium i karriererettleing (30 stp) for rådgjevarar i grunnopplæringa.

Éin lærar tek master i karriererettleing , finansiert gjennom stipendordninga i «Kompetanse for kvalitet».

## Vidareutdanning i PPT

Formålet med Strategi for etter- og vidareutdanning i PPT (SEVU-PPT, 2013-2018), er å styrke dei tilsette sin kompetanse, og å bidra til å auke merksemda på systemretta arbeid i PPT.

Fylkeskommunen samarbeider med Fylkesmannen, Statped og kommunane i den vidare utviklinga av PP-tenesta. God rekruttering og gode rammevilkår for kompetanseutvikling er viktige suksessfaktorar her.

Område som skal prioriterast i perioden:

- Organisasjonsutvikling/endringsarbeid
- Læringsmiljø og gruppeleiing
- Rettleiing og rådgjeving
- Leiarutdanning

Studietilboda har eit omfang på 30 studiepoeng og går over to semester. Tilboda er stort sett nettbaserte, med 2-3 samlingar per semester. Studia skal vere praksisnære og imøtekome behovet for fleksible løysingar for kompetanseutvikling.

**Målgruppa** er tilsette som arbeider i kommunal eller fylkeskommunal PPT.

Kostnadane vert dekte gjennom eit spleiselag der staten bidreg med 50 % av vikarutgiftene. Dei resterande utgiftene vert fordelte mellom kommunen/fylkeskommunen (25 %) og den enkelte tilsette (25 %).

Éin PPT-tilsett starta studiet hausten 2015, men fylkesdirektøren har førebels ikkje motteke søknader for tilsette i PPT for komande år.

## Del 2: Etterutdanning – nasjonale satsingar

### FYR-satsinga

Gjennom vidareføring av FYR-satsinga (FYR = fellesfag, yrkesretting og relevans) har Sogn og Fjordane fått totalt 93 etterutdanningsplassar i løpet av ein treårsperiode. Skulane i Sogndal, Florø og på Eid var prioriterte fyrst inn i satsinga hausten 2014. Frå hausten 2015 kom Årdal og Stryn vidaregåande

skular med Dale og Måløy vidaregåande skular kjem med i 2016. Fylkesdirektøren knyter arbeidet med FYR-satsinga og grunnleggande ferdigheiter tett saman, og dette er satsinga på skulebasert kompetanseutvikling på alle skulane. Dette gjer vi også for å få til eit tettare samarbeid mellom fellesfaglærarar og programfaglærarar.

Fellesfag, yrkesretting og relevans (Fyr) er eitt av tiltaka som er vidareført i handlingsprogrammet under karriererettleing og gjennomføring (Sak 3/2016 i HO).

Fyr-satsinga er fullfinansiert av statlege midlar.

### **Språkkommunar**

Utdanningsdirektoratet har invitert kommunar og fylkeskommunar til å søkje om økonomisk tilskot for å bli ein språkkommune frå hausten 2016. Fylkesdirektøren har arbeidd for å få samarbeid om denne satsinga med vertskommunar eller -regionar til dei vidaregåande skulane, for å sjå heile grunnopplæringa i samanheng. Fylkesdirektøren søker om midlar og har samarbeid vidare med Eid kommune og Hafs-regionen, som også søker om midlar.

### **Kompetanse for mangfald**

Sogn og Fjordane er eitt av fire fylke som er med i satsinga Kompetanse for mangfald frå 2016. Dette er ei satsing som gjeld barnehage, skule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæringa.

Dette er ei femårig kompetansesatsing (2013-2017) som skal bidra til auka kompetanse til tilsette i grunnopplæringa innanfor det fleirkulturelle området. Målet er at tilsette skal vere i stand til å støtte ungdomar og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som bidreg til at desse gjennomfører utdanningsløpet.

Fylkesmannen har fått med fire kommunar/fylkeskommunar. Det er kommunane Flora, Eid, Sogndal og Sogn og Fjordane fylkeskommune med Flora og Eid vidaregåande skular.

Ordninga er finansiert frå Fylkesmannen med om lag 100 000 kr for kvar kommune.

### **Etterutdanning for lærarar og leiarar som underviser vaksne i vidaregåande opplæring**

Vox (nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk), tilbyr etterutdanningsmidlar for lærarar og leiarar i vidaregåande opplæring for vaksne. Midlane skal nyttast til å dekke utgifter med korte etterutdanningskurs innanfor desse tema:

- Vaksne si læring
- Grunnleggande ferdigheiter
- Samarbeidslæring
- Nettkurs i vaksenpedagogikk, læring i arbeidslivet og digitale ferdigheiter

I tillegg er det stort ynskje frå dei skulane som har ansvar for vaksenopplæring om å få etterutdanning i migrasjonspedagogikk.

Etterutdanninga er finansiert av Vox og fylkeskommunale midlar.



### **Rettleiarkorpset i Utdanningsdirektoratet**

Utdanningsdirektoratet har tilbydd ekstern rettleiing til skular og skuleeigar som vil styrke arbeidet med skulebasert utviklingsarbeid. Eid og Årdal vidaregåande skular har fått rettleiing, og er godt i gang med utviklingsarbeidet med støtte frå eksterne rettleiarar. Det sentrale i rettleiingsarbeidet fram til no har vore å få auka merksemd på pedagogisk leiing, og best mogleg utnytting av leiarressursen på skulane. Begge skulane har opplevd rettleiinga som svært positiv, og våren 2016 skal vi ha evaluering av opplegget og rettleiinga.

Ekstern rettleiing er finansiert av Utdanningsdirektoratet.

### **Etterutdanning i PPT**

Som ein del av den statlege etter- og vidareutdanningsstrategien (SEVU-PPT), skal det utviklast etterutdanningstilbod på prioriterte område. Det vert sett i gang hausten 2016.

Etterutdanninga skal vere praksisnær, og skal legge til rette for at kommunale og fylkeskommunale PP-tenester skal kunne ta del i kompetanseutvikling med heile eller deler av organisasjonen sin. Den skal bidra til auka merksemd på systemretta arbeid i PPT. Etter tilbakemeldingar frå alle PPT-kontora ynskjer fylkesdirektøren å setje i gang systemretta arbeid på desse områda:

- Arbeidet med ungdom og psykisk helse
- Fag- og yrkesopplæringa - arbeidet med lærlingar og lærekandidatar
- Arbeidet med minoritetspråklege elevar

Finansieringa på denne etterutdanninga er i samarbeid med Fylkesmannen, som får midlar frå Utdanningsdirektoratet.

Vi viser elles til [utviklingsplan for PPT](#) for vidaregåande opplæring 2014-2017.

## **Del 3: Etterutdanning – fylkeskommunale satsingar**

All forskning viser at å utvikle kollektive samarbeidskulturar, og å ha systemmerksemd, fører til vellukka endringsprosessar. Sosial læring gjennom lærarsamarbeid er ein effektiv strategi som krev gode møtestrukturar (Fullan 2014).

Skuleleiinga må ha ekstra merksemd på pedagogikk og korleis undervisning og læring kan forbetrast i organisasjonen. Difor må heile kollegiet vere med i prosessen i etterutdanninga. Skulebasert kompetanseutvikling har som mål å få i gang læreprosessar slik at heile skulen som organisasjon lærer, ikkje berre einskildlærarar.

Skulane rapporterer om stort behov for ulike fagspesifikke etterutdanningstilbod. Fylkesdirektøren prioriterer difor å nytte dei fylkeskommunale etterutdanningsmidlane for komande skuleår til skulebasert kompetanseutvikling i grunnleggande ferdigheiter i alle fag, vurdering for læring og hospiteringstiltak.

I fag- og yrkesopplæringa er det løyvd midlar til etterutdanning som er praksisnær, og som har arbeidsplassen som læringsarena. Målgruppa for etterutdanningane er lærarar, faglege leiarar og instruktørar i lærebedrift og medlemmer i prøvenemnder.

Skulane har meldt inn behov for kompetanseutvikling i 2016-2017, gjennom kartlegging, samråding på rektormøtet og regionale prioriteringar gjennom «Prosjekt personal».

Kompetansebehova i PPT er i stor grad samanfallande med skulane sine behov for kompetanseutvikling. Fylkesdirektøren meiner at PPT og skulane må samhandle om denne kompetansehevinga.

### **Etterutdanning for lærar og mellomleiarar**

Prioriteringane og satsinga skal skje gjennom kollektiv skulebasert kompetanseutviklingstiltak.

### **Grunnleggande ferdigheiter og vurdering for læring**

Etterutdanning er kurs og liknande tiltak som ikkje gir studiepoeng. Fylkesdirektøren prioriterer arbeidet med skulebasert kompetanseutvikling i dei grunnleggande ferdigheitene, FYR og vurdering for læring. Skulane må utarbeide ei skisse for eit opplegg for skulebasert kompetanseutvikling og søkje på midlar hos fylkesdirektøren. Skulane må samarbeide med PPT og trekkje dei aktivt med på denne kollektive etterutdanninga.

Det har dei siste åra vore ei nasjonal og lokal kompetanseheving i grunnleggande ferdigheiter i alle fag og på elevvurdering. Det er synleggjort eit stort behov for kompetanseheving innan vurderingspraksis. Behovet vert også spegla i skulane sine innmeldingar og planar. Ei satsing på etterutdanning i vurdering er godt forankra i «God – betre – best», der ein skal *”leggje til rette for kompetanseheving i vurdering hos lærarar, instruktørar og prøvenemnder”*.

### **Etterutdanning av mellomleiarar**

Fylkesdirektøren har skuleåret 2015/16 hatt etterutdanning av alle mellomleiarar i kunnskapsbasert leiing i lærande organisasjonar. Kurset har hatt tre heildagssamlingar og tre dagar oppfølging på eigen skule.

Målsettinga for kursdagane er å betre mellomleiarane si evne til å analysere resultat på avdelingsnivå («kunnskapsbasert leiing»), og å styrke ferdigheiter i å leie eigne lærarar i betringsarbeidet med skulebasert kompetanseutvikling.

Målsettinga for mellomliggende arbeid på eigen skule er å analysere skulen sine samla resultat, og styrke heile leiargruppa sine ferdigheiter i målretta forbetringsarbeid. Det vidare oppfølgingsarbeidet av denne etterutdanninga ser fylkesdirektøren for seg som ei leiarsamling vår 2016 og haust 2016 og elles kollektivt i leiargruppene på skulane. Profesjonelt leiarskap er ein føresetnad for skuleutvikling, og i dette arbeidet er rektorar og mellomleiarar heilt avgjerande. Fylkesdirektøren skal nytte ressursar til å utvikle leiarane.

Etterutdanninga vert finansiert av fylkeskommunale midlar og OU-midlar (midlar til leiarutvikling) frå KS.

### **Ekstern skulevurdering**

Ekstern skulevurdering er pedagogisk utviklingsarbeid som baserer seg på kvalitetsutvikling innanfor eit bestemt område, pedagogisk og/eller organisatorisk, som skulen sjølv har bestemt. Området vert bestemt ved at skulen gjennomfører ein ståstadsanalyse med alle tilsette og finn samanfallande utfordringar mellom denne analysen og elevundersøkinga.

Målet er at verktøya skal gje ein peikepinn på kvar skulen står i høve ulike læringsområde som til dømes vurdering for læring, tilpassa opplæring og klasseleiing. Her kan skulen henta ut informasjon om korleis undervisninga er i dag i høve til kva personalet meiner framtidsbiletet skal vere. Eit anna viktig mål med skulevurderinga er å ta vare på skulen som ein lærande organisasjon, vidareutvikle arbeidsfellesskapet og belyse skulen sin gode praksis. Utvikling i skulen vil skje dersom ein gjennom systematisk planlegging inkluderer mange aktørar ved skulen, og held fram utviklingsprosessane over tid. Ekstern skulevurdering legg til grunn at begge desse faktorane skal ivaretakast.

Fylkesdirektøren har hatt ekstern skulevurdering på to andre skular også. Flora vidaregåande skule var pilotskule i eit prosjekt for å byggje opp kompetanse på ekstern skulevurdering. I tillegg vart skulevurdering gjennomført på Sogn Jord- og hagebruksskule hausten 2015. Begge skulane hadde teke ståstadsanalysen og funne fram til eit felles tema for ekstern vurdering. Firda vidaregåande skal ha ekstern vurdering våren 2016.

Arbeidet med ekstern skulevurdering har gitt oss viktige erfaringar med korleis skulevurdering som metode kan brukast i oppfølging av skulane. Fylkesdirektøren skal ha skulevurdering som metode for skuleutvikling og etablerer skulevurdering som ein del av kvalitetssystemet (Sak 3/2016 i HO).

Ekstern skulevurdering er finansiert av fylkeskommunale midlar og arbeidet her er ein del av fylkesdirektøren sitt arbeid med å komme tettare på skulane. Skulane kan, etter ekstern skulevurdering, søkje om midlar til vidare oppfølging.

## Etterutdanning av rådgjevarar i grunnopplæringa

Fylkeskommunen sin innsats for å styrke arbeidet med rådgjevartjenesta i grunnopplæringa vert gjort på fleire område. I dette står også satsing på regionale karrieresenter sentralt. Karrieresentera bidreg i fagnettverka for rådgjevarane i grunnopplæringa.

I tillegg arrangerer fylkeskommunen næringsreiser slik at rådgjevarane har kunnskap om lokalt næringsliv. Det vert gjennomført samlingar med tema om yrkes- og utdanningsmoglegheiter, rettleiingsmetodar og systemutfordringar.

Det er etablert regionale rådgjevarnettverk der både rådgjevarar i grunnopplæringa, OT, opplæringskontor og andre deltek. Her vert det mellom anna drøfta overgangen mellom grunnskule og vidaregåande skular, og elles overgangane i opplæringsløpet. Dei regionale rådgjevarnettverka arbeider også med korleis dei kan utvikle arbeidslivsfacet og karrierelæring som grunnleggande ferdigheit. Elles er utfordringar med auka gjennomføring sentrale tema på alle nettverksmøta.

Her er nokre av tiltaka som er i gang og som fylkesdirektøren vil prøve å setje i gang:

- Karriererettleiing i gruppe
- Sosialpedagogisk rettleiing i gruppe (jente- og gutegrupper)
- Næringsreise
- Karrieresentera bidrar inn i regionale rådgjevarnettverk
- Karrierekompetanse og karrierelæring
- Hospitering

Finansieringa av etterutdanninga til rådgjevarane er gjennom fylkeskommunale midlar.

## Etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa

I den nasjonale satsinga på etterutdanning innanfor fag- og yrkesopplæringa vert det presisert at den bør organiserast slik at alle aktørar får høve til å ta del, t.d. gjennom hospitering. Målet er at deltakarane skal sjå ein heilskap i opplæringa i skule og bedrift. Målgruppa for etterutdanningane er yrkesfaglærarar, tilsette i PPT, rådgjevarar, faglege leiarar og instruktørar i lærebedrifter og prøvenemnder. Skal hospiteringa føre til auka kompetanse må hospitanten ta del i relevante arbeidsprosessar. Skuleleiinga må vere ein pådrivar og leggje til rette for hospitering.

## Hospitering i fag- og yrkesopplæringa

Hospitering vil i utgangspunktet seie at programfaglærar, fellesfaglærar, instruktør, fagleg leiar, tilsette i PPT, eller rådgjevar er minst fem dagar i bedrift eller skule, enten samanhengande eller fordelt over skuleåret. For fellesfaglærarar kan hospitering i bedrift éin til to dagar vere tilstrekkeleg for å hente kunnskap og gode døme til bruk i undervisninga. Det kan og vurderast om fellesfaglærarar bør få høve til å hospitere i fleire bedrifter for å få erfaring frå fleire fagområde.

Kunnskapsdepartementet si satsing på kompetanseheving for fag- og yrkesfaglærarane («Yrkesfaglærarløftet») har som ei av sine målsetjingar å styrke breiddekompetansen til yrkesfaglærarane. Dette gjeld særleg programfaglærarane på vg1, men også lærarar på vg2. Dei fleste utdanningsprogram skal førebu for mange ulike lærefag/yrkeskompetansar, og styrke lærarane sin breiddekompetanse. Det vil truleg gje elevane betre grunnlag for å velje vg2 og seinare lærefag.

Fylkesdirektøren har i 2016 oppmoda skulane om å kartleggje programfaglærarane sin breiddekompetanse i høve «vifta» av lærefag i dei ulike yrkesfaglege utdanningsprogramma. Fylkesdirektøren vil for skuleåret 2016/17 prioritere hospiteringssøknadar som skal styrke breiddekompetansen i ulike yrkesfag på skulane.

Kartlegginga som skulane har gjort vil vere eit godt verktøy når rektorane skal prioritere hospiteringssøknadar.

Tabellen under viser kven som har nytta hospiteringsordninga i 2015:

Tidspunkt	Programfaglærarar	Fellesfaglærarar	Instruktørar/faglege leiarar
<b>Haust 2015</b>	35	2	32
<b>Vår 2015</b>	19	5	2

Fellesfaglærarar har også høve til å vere med i hospiteringsordninga, og har ei naturleg kopling med FYR-prosjektet. Fylkesdirektøren forventar at representantar frå alle i målgruppa for ordninga søker hospiteringsmidlar. Skuleleiinga må vere ein pådrivar og leggje til rette for hospitering. Fylkesdirektøren ynskjer framleis å prioritere denne satsinga og målet er at dette skal auke samarbeidet skule–arbeidsliv.

Finansieringa av hospiteringsordninga er gjennom statlege- og fylkeskommunale midlar.

## Etterutdanning av instruktørar og prøvenemnder

### Instruktørar

Opplæringskontora har ansvaret for kompetanseheving for instruktørar i sine medlemsbedrifter, og held kurs med økonomisk og fagleg bistand frå fylkeskommunen. I tillegg tilbyr fylkeskommunen eigne kurs for instruktørar i bedrifter som ikkje er medlem av eit opplæringskontor. Tema er bl.a. læreplanar, instruktørrolla og vurdering.

Instruktør opplæringa er finansiert av fylkeskommunale midlar.

### Prøvenemnder

Sogn og Fjordane fylkeskommune har prøvenemnder i nesten 50 fag, med til saman ca. 270 medlemmer, som har ansvaret for vurdering av alle fag- og sveineprøvar i fylket. Nye nemnder blir oppnemnde kvart 4. år. For å fordele dette omfattande arbeidet, blir halvparten av nemndene oppnemnde om gongen, dvs. at halvparten av nemndene vart fornya frå januar 2016, og så vil den andre halvparten bli fornya om to år.

Det er fylkeskommunen sitt ansvar å sikre at det blir vurderingsfagleg kompetanse i nemndene (opplæringslova § 3-56). Det skjer gjennom opplæring første våren etter oppnemninga, og så ei ny samling i løpet av perioden. Fylkeskommunen har også fått utvikla eit nettbasert introduksjonskurs for prøvenemnder, som er teke i bruk våren 2016.

I handlingsprogrammet er auka kompetanse i prøvenemndene eitt av tiltaka under fellessatsingar i bedrift og skule under vurdering for læring (Sak 3/2016 i HO).

Finansieringa av etterutdanning av instruktørar og prøvenemnder er fylkeskommunale midlar.